



Arkivnr: 2014/8-25
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		27.04.2016

Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2016

Samandrag

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for perioden 2014-2017 er det sett av totalt 1 mill kr til dette tiltaket. I budsjettet for 2016 er det sett av 500.000 kroner til denne tilskotsordninga.

Det var motteke fire søknader til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar innan fristen som var sett til 01.04.16. Det er søkt om tilskot på totalt 852.000 kroner.

Forslag til vedtak

1.	Fjell kommune får tildelt tilskot på kr 30.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2.	Jondal kommune får tildelt tilskot på 120.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
3.	Kvinnherad kommune får tildelt tilskot på kr 175.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
4.	Odda kommune får tildelt tilskot på kr 175.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.03.2016**Bakgrunn**

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for perioden 2014-2017 er det sett av totalt 1 mill kr til dette tiltaket. I budsjettet for 2016 er det sett av 500.000 kroner til denne tilskotsordninga.

Kriteria for tilskotsordninga

- Søknadsfrist ein gong i året.
- Rett til å søkje: Kommunane i Hordaland.
- Søknader i brev form. Søknaden skal gje ein oversikt over arbeidet som skal setjast i gang, samt ha med eit budsjettet for å etablere planen, inkludert kostnader til evt. konsulenthjelp.
- Tilskotet kan gå til kjøp av konsulentteneste og trykking. Tilskotet kan ikkje gå til bruk av administrative kostnader og driftsutgifter (kommunale ressursar).
- Endeleg plan skal sendast til Hordaland fylkeskommune, og fylkeskommunen er høyringspart.

Oversikt over tilskot frå FTU til kommunale trafikksikringsplanar 2011-2015

	Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
1	Askøy			175 000		
2	Austrheim				150 000	
3	Austevoll			75 000		
4	Bømlo	115 000				175 000
5	Eidfjord	50 000				
6	Fitjar		100 000			
7	Fjell	75 000				
8	Fusa				192 000	
9	Kvam		50 000			
10	Kvinnherad	170 000				
11	Lindås					150 000
12	Masfjorden		120 000			
13	Os		30 000			
14	Osterøy		100 000			
15	Radøy			50 000		
16	Samnanger			50 000		
17	Stord		100 000			
18	Sund				50 000	
19	Sveio			150 000		
20	Tysnes					175 000
21	Vaksdal				200 000	
22	Voss	40 000				
23	Øygarden	50 000				

Kort om søknadane

Det var motteke fire søknader til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar innan fristen som var sett til 01.04.16, og det er søkt om tilskot på totalt 852.000 kroner.

Fjell kommune sin gjeldande trafikksikringsplan er for perioden 2013-2016. Kommunen har no starta opp arbeidet med å rullere planen som skal gjelde for 2017-2020. Kommunen opplyser i sin søknad at samla kostnad for dette arbeidet er 542.000 kr, og i denne summen er dei administrative kostnader inkludert. Midlane som ikkje utgjer administrative kostnader er 20.000 kr til trykking og 10.000 kr til annonsering. Fjell kommune søkjer om tilskot på 32.000 kr.

Jondal kommune sin gjeldande trafikksikringsplan er frå 2004. Kommune skal no starte opp arbeidet med å rullere planen, med ferdigstilling våren 2017. Jondal kommune søker om tilskot på 120.000 kr.

Kvinnherad kommune sin gjeldande trafikksikringsplan er for perioden 2012-2020, og skal rullerast ein gong i løpet av perioden. Kommunen skal no i gang med arbeidet om å verte godkjent som trafikksikker kommune, og rulleringa av planen skal ta opp i seg dette. Det er planlagt å leige inn konsulenthjelp for å utføre arbeidet. Kommunen søker om tilskot på 300.000 kr.

Odda kommune sin gjeldande trafikksikringsplan er for perioden 2010-2014, og kommunen er no i oppstartsfasen med å rullere planen. Kommunen opplyser at dei skal nytte konsulent til dette arbeidet, men har ikkje henta inn prisar per no. Odda kommune søker om tilskot på 400.000 kr.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Denne tilskotsordninga har fungert godt i dei åra den har eksistert, og frå 2011-2013 er det 23 kommunar som hadde fått stønad til å utarbeide sin kommunale trafikksikringsplan. Ingen av desse kommunane har fått tildelt tilskot på over 200.000 kroner. Det lågast tilskotet som er utbetalt er på 30.000 kroner.

Dei fire søknadane av 2016 er på totalt søknadssum er 852.000 kroner. Fylkesrådmannen vurderer det slik at kostandane for å utarbeide ein trafikksikringsplan er nokolunde den same for alle kommunar. Ikkje minst der det skal nyttast ein konsulent til arbeidet. Tre av kommunane som søker er relativt store i fylkeskommunal målestokk, noko som tilseier eit større arbeid. Samstundes så har desse tre; Fjell, Kvinnherad og Odda, gode planar å byggje arbeidet på, - medan for Jondal sin del, som er ein liten kommune, vil planarbeidet gjerne krevje meir fordi gjeldande plan er gamal. Ut frå dette så rår fylkesrådmannen rår til at tilskotsummen vert halde på omlag det same som tidlegare år, og at Fjell får tildelt 30.000 kr, Jondal får tildelt 120.000 kr slik dei søker om, og Kvinnherad og Odda får tildelt 175.000 kr kvar.